



**DET KONGELIGE
UTENRIKSDEPARTEMENT**

Statsråd for EØS-saker og forholdet til EU

Oslo, 14. april 2014

Olemic Thommesen
Stortingspresident
Stortinget

Vedlagt oversendes skriftlig besvarelse på spørsmål nr. 830 stilt av stortingsrepresentant Liv Signe Navarsete.

Med vennlig hilsen

A handwritten signature in blue ink, appearing to read 'Vidar Helgesen'.

Vidar Helgesen

Statsråd for EØS-saker og forholdet til EU

Skriftlig svar på spørsmål nr. 830 frå stortingsrepresentant Liv Signe Navarsete:

Spørsmålet frå stortingsrepresentant Navarsete har stort eit omfang, og eit fullgodt svar ville krevja eit grundig gjennomsyn av styresmaktene sin innsats dei siste 20 åra. Fleire enn 10 000 rettsaktar har blitt gjennomførde i norsk rett sidan EØS-avtalen kom i stand.

Det finst ikkje noko oversyn over den gjennomsnittlege handsamingstida for EU-direktiv sidan 1994. Me ville då måtta gjera ei omfattande gransking av praksis i kvart departement.

EFTAs overvåkingsorgan (ESA) gjev to gonger kvart år ut ei resultattavle som syner kor raske EFTA-landa er med å gjennomføra direktiv i nasjonal rett (målt som eit gjennomføringsunderskot), samt eit oversyn over gjennomføringa av forordningar. Kommisjonen gjev eit tilsvarande oversyn over gjennomføringa av direktiv i EU-landa. Kommisjonen og ESA sine oversyn blir publiserte samstundes. Resultattavla fortel kor mange prosent av dei gjeldande direktiva kvar medlemsstat ikkje har gjennomført i tide. EU si målsetting er at ikkje noko land skal ha eit gjennomføringsunderskot større enn 1 % (før 2009 1,5 %). Dette heng saman med ynsket om størst mogleg regelverkslikskap.

Ei liste som Navarsete spør om over EU-direktiv som er gjennomførde i Noreg seinare enn tidsfristen dei siste 20 åra, ville innehalde mange hundre direktiv. Ein ting er dei seinkingane som ligg føre dei to gongene i året når ESA gjer målingane sine. Ei annan ting er dei seinkingane som kjem til utanfor måletidspunkta og som ikkje utan vidare vert fanga opp av ESA sine målingar. Inga tidligare regjering har utarbeidd ein slik samla statistikk. Det er heller ikkje gjort no.

Føremålet med EØS-avtala er å sikre føreseielege vilkår, regelverkslikskap og mest mogleg like konkurransevilkår i heile EØS-området. Dette har mykje å seia for norsk næringsliv og norske føretak. Derfor gjev regjeringa arbeidet med effektiv innlemming av nytt EU-regelverk for den indre marknaden i EØS-avtalen høg prioritet. Sjølv om regjeringa til no ikkje fullt ut har nådd dei resultat i dette arbeidet som me hadde vona, er me rimeleg optimistiske når det gjeld utviklinga framover. Regjeringa innførte nye retningslinjer for forvaltinga sitt arbeid med EØS- og Schengen-saker 1. september 2014. Me ventar at dette vil betra stoda ytterlegare.

Det me har oversyn over, er gjennomføringsunderskotet dei siste 18 åra, slik det kjem fram på ESA si resultattavle, sjå tabell 1 nedanfor. Tabell 2 syner underskotet dei siste 6 månadane, og tabell 3 gjev ei liste over kva direktiv som var seinka ved ESA sine siste tre målingar.

Tabell 1 visar at gjennomføringsunderskotet var høgt dei fyrste åra etter at EØS-avtala tok til å gjelda. Underskotet har også vore høgt på dei siste tre målingane. Tabell 2 syner at sidan siste måling 31. oktober 2014 har lista over uteståande direktiv vore kort, og me vil truleg ha rekordlågt underskot når neste resultattavle kjem. Det klare målet er at den reduksjonen som nå er nådd, skal halda seg i tida framover, basert på rutinar som sikrar gjennomføring og notifisering av nytt regelverk til rett tid. Det sentrale er som sagt å sikra eit likt regelverk og føreseielege vilkår til kvar tid i heile EØS-området. Då blir det viktig å halda seinkingane på

eit så lågt nivå som mogleg gjennom heile året, og ikkje berre på dei to måletidspunkta som ESA har kvart år.

TABELL 1.

Gjennomføringsunderskotet sia 1997.¹

ÅR	30. april	31. oktober
2014	1,9 %	2 %
2013	0,9 %	1,8 %
2012	1,3 %	0,7 %
2011	1 %	0,6 %
2010	0,4 %	0,2 %
2009	0,4 %	0,5 %
2008	0,8 %	1,1 %
2007	1,1 %	1,3 %
2006	0,6 %	0,7 %
2005	1,2 %	0,8 %
2004	0,7 %	1 %
2003	0,7 %	0,5 %
2002	0,5 %	1 %
2001	3,8 %	1,7 %
2000	4,1 %	3,7 %
1999	3,7 %	4,7 %
1998	4,2 %	3,8 %
1997		6,9 %

TABELL 2. Forsinka gjennomføring av direktiv dei siste 6 månadene.

Månad	Antall
November	8
Desember	5
Januar	4
Februar	1
Mars	1
April	2

¹ ESA sine måletidspunkt dei siste åra har vore høvesvis 30. april fyrste halvår og 31. oktober i andre halvår. Det kan ikkje utelukkast at det har vore visse variasjonar i måletidspunktet tidlegare år.

TABELL 3.

Dei direktiva som har vært utestående ved dei siste målingane frå ESA.

31. oktober 2013	30. april 2014	31. oktober 2014
2004/52	2008/112	2009/12
2006/38	2009/12	2009/31
2008/112	2009/31	2010/48
2009/12	2010/48	2012/33
2009/31	2011/83	2012/46
2009/48	2012/14	2014/1
2010/32	2012/15	2014/10
2010/48	2012/16	2014/11
2012/14	2012/20	2014/12
2012/15	2012/22	2014/13
2012/16	2012/38	2014/14
2012/20	2012/40	2014/15
2012/22	2012/41	2014/16
2012/30	2012/42	2014/17
2012/32	2012/43	2014/18
2012/38	2013/27	2014/2
2012/40	2013/3	2014/3
2012/41	2013/4	2014/4
2012/42	2013/5	2014/5
2012/43	2013/6	2014/6
2012/47	2013/7	2014/7
Totalt: 21	Totalt: 21	2014/8
		2014/9
		Totalt: 23



STORTINGETS PRESIDENT

Spørsmål til skriftlig besvarelse.

Spørsmål nr. 830

Til ministeren ved Statsministerens kontor for samordning av EØS-saker og forholdet til EU
Vidar Helgesen

Fra stortingsrepresentant Liv Signe Navarsete

Vedlagt oversendes et spørsmål som er stilt til skriftlig besvarelse i henhold til § 70 i Stortingets forretningsorden.

Fristen for å besvare spørsmålet, eventuelt meddele skriftlig hvorfor spørsmålet ikke vil bli besvart innen fristen, er seks hverdager.

Fristen beregnes slik at et spørsmål oversendt på en mandag, skal besvares neste mandag, osv.

Nummeret på spørsmålet bes opplyst i svaret.

Oslo, 7. april 2015
Olemic Thommessen
president